



Til alle medlemskommunar i friluftsråda i Møre og Romsdal

16. feb. 2024

## Utvikling av Friluftsbarometer – ønske om innspel frå kommunane i Møre & Romsdal

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) søkte i 2022 Møre og Romsdal fylkeskommune om midlar til utvikling og etablering av eit friluftsbarometer for vårt fylke. FNF er eit forum for friluftsråda og fleire andre grøne friluftsorganisasjonar.

Kultur-, næring- og folkehelseutvalet i fylkeskommunen vedtok 14. mars 2023 at det skal utarbeidast eit friluftsbarometer for Møre og Romsdal, og løvvde midlar til eit prosjekt FNF Møre og Romsdal skal ferdigstille innan 1. juli 2024. Utvalet gav følgande bestilling:

*«Friluftsbarometeret er tenkt å vere eit verktøy for å sjå kommunane i fylket sin innsats på utvalde tema som betyr mykje for friluftslivet. Vidare er dette tenkt å gi ei oversikt om kva som finns tilgjengeleg av informasjon om kommunane si friluftslivsforvaltning og seie kva som manglar av informasjon.»*

Friluftsbarometeret skal vere eit levande materiale i den forstand at det er tenkt oppdatert årleg og er tenkt å bli ein del av fylkesstatistikken i Møre og Romsdal. Målingane skal vere i tråd med FN sine berekraftsmål.

**Dette brevet inneheld første utkast til aktuelle måleindikatorar i eit friluftsbarometer som vi ber kommunane om innspel på innan 1. mars 2024.**

### Prosjekt og styringsgruppe

FNF Møre og Romsdal har satt saman følgjande styringsgruppe for prosjekt friluftsbarometer:

- Ola Fremo – dagleg leiar Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal
- Anne Berit Støvva Emblem – dagleg leiar Sunnmøre friluftsråd
- Maria Holo Leikarnes – dagleg leiar DNT Romsdal; på vegne av dei frivillige organisasjonane i FNF
- Ingbjørn Bredeli – koordinator Forum for friluftsliv Møre og Romsdal
- Linda Bakken – koordinator for prosjekt Friluftsbarometer

### Måleindikatorar

Prosjektet sitt oppdraget er å utvikle minst 10 måleindikatorar for kommunane sin innsats for friluftsliv, indikatorane skal vere relevante og dekkande for tema ein ønsker å få svar på. Indikatorane må vere varige, eintydige og lette å repetere, slik at ein kan måle utvikling over tid. Ei viktig målsetjing er å måle faktorar som kommunane kan gjere noko med på ein slik måte at det blir mest mogleg rettferdig uavhengig av storleiken på kommunen, innbyggjartal og naturgjevne faktorar. Indikatorane bør vere enkelt overførbare til andre kommunar og fylke.



Det er naturleg at vi i størst mogleg grad nytter oss av statistikk som er offentleg tilgjengeleg gjennom til dømes fylkesstatistikk, SSB, KOSTRA, folkehelsetal og tilskotsmidlar. Dette er tal som står seg over tid, innehold marginalt med skjønnsvurderingar og gir lite meir arbeid for kommunane.

### Forslag til indikatorar

Under følgjer forslag til aktuelle måleindikatorar i tilfeldig rekkefølgje. Ein del indikatorar er det naturleg å vekte mot kommunen sitt innbyggjartal eller areal. Kjelder for indikatorane i parentes.

1. Samla lengde av turvegar, turstiar og løyper tilrettelagt for sommarbruk. (SSB, Morotur, UT.no)
2. Samla lengde av oppkøyrt skiløyper og opparbeidde vintereturvegar? (SSB-tal, loyper.net/skisporet.no, morotur, UT.no)
3. Samla lengde gang- og sykkelvegar (kjelde?)
4. Prosent av innbyggjarane med tilgang til natursti innan 500 meter frå der dei bur. (SSB)
5. Tal på spelemiddelfinanserte anlegg for idrett og fysisk aktivitet med vekt på friluftslivsanlegg, til dømes turstiar, gapahukar/dagsturhytter (Fylkeskommunen/spelemidlar [Fylkesstatistikk 2023 - 7. Kultur \(mrfylke.no\)](#))
6. Tal på statleg sikra friluftsområde i kommunen. (Naturbasekart Miljødirektoratet)
7. Prosentdel areal med verna natur i kommunen. (Miljødirektoratet)
8. Status på kommunen sitt arbeid med Plan for friluftslivets ferdsselsårer? (Fylkeskommunen)
9. Brutto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbyggjar. (SSB)
10. Er kommunen medlem av eit friluftsråd? (ja/nei)

Dette er døme på indikatorar det er realistisk å finne svar på. Det finst mange andre spørsmål vi ønsker svar på, men som vi ser vi truleg manglar måltal på. Dette gjeld til dømes: I kor stor grad friluftsliv er inne i kommunen si samfunnsplan, tal på lag og foreiningar som stimulerer til utøving av friluftsliv, kva grad kommunen infomerar innbyggjarar og besökande om allemannsretten og friluftstilbod kommunen har.

### Tilbakemelding frå kommunane

Vi håper at kvar enkelt kommune vil gi oss tilbakemelding på dei ulike indikatorane som er satt opp her. Samstundes ønskjer vi tilbakemelding på indikatorar som kommunane sjølv meiner er relevante og ønskjer å bli målt på, gjerne med forslag til nye indikatorar som ikkje står nemnt i brevet her.

Tilbakemelding gis til prosjektkoordinator Linda Bakken på [linda@friluftsraadet.no](mailto:linda@friluftsraadet.no) eller telefon 91570094 innan frist: 1. mars.

Med venleg helsing

Anne Berit Støyva Emblem

Dagleg leiar Sunnmøre friluftsråd

Linda Bakken

Prosjektkoordinator Friluftsbarometer/FNF